

## Når **vedtak** manglar **tiltak**

Ei kartlegging frå Fylkesmannen i Hordaland i 2014 viste at ikkje alle får støttekontakt, sjølv om dei har vedtak om at dei skal få det.

Somme gongar klarar ikkje kommunen å rekruttera støttekontaktar til ein brukar. Ifølgje kartlegginga var det om lag ni prosent som ikkje hadde støttekontakt slik dei skulle.

### Kvifor kartlegging?

Fylkesmannen starta fleire tilsyn i 2013, fordi vi fekk meldingar frå pårørande om «tomme støttekontaktordningar». Det var om lag 2850 personar i Hordaland som fekk støttekontakt i 2013, men vi hadde inga oversikt over kor mange som ikkje fekk støttekontakt slik dei skulle. Vi hadde heller inga oversikt over årsakene til dette, eller kva kommunane gjer når dei ikkje klarar å rekruttera støttekontaktar.

For å få ei oversikt over dette spurte vi kommunane i Hordaland om kva dei gjer dersom dei ikkje klarar å rekruttera støttekontakt. Alle kommunane svarte på spørsmåla våre.

### Kommunen har plikt

Når ein brukar får innvilga sin søknad om støttekontakt, skal kommunen tilby tenesta innan rimeleg tid. Dei aller fleste får den støttekontakttenesta dei har vedtak om innan rimeleg tid, men dette skjer ikkje alltid. Dersom det går månader utan at noko skjer, så har ikkje kommunen oppfylt lovkra- vet.

### Dei fleste får støttekontakt

Kartlegginga viser at 91 prosent av brukarane hadde støttekontakt heile eller deler av tida. Det er forskjellige

grunnar til at nokre er utan støttekontakt ein del av tida. Kommunane fortalte til dømes om at vedtaket nettopp var fatta, at brukaren er eller har vore ei tid på institusjon, eller at det tek tid å få på plass ny støttekontakt når den førre sluttar.

### Det er nokre som ikkje får

Ni prosent fekk ikkje støttekontakt slik dei hadde vedtak om. Nokre kommunar hadde støttekontakt til alle brukarane sine heile tida, medan andre kommunar hadde meir enn tju prosent utan støttekontakt i den aktuelle perioden.

Kommunane fortel om forskjellige årsaker til at nokre ikkje fekk støttekontakt sjølv om dei hadde fått vedtak om det. Det er ofte vanskeleg å få tak i støttekontakt til dømes til rusavhengige som ikkje klarar å halda avtaler eller som har utfordrande åtferd. Då er det lettare å

skaffa støttekontakt til utviklingshemma barn og unge som ikkje har åtferdsproblem eller multifunksjonshemming.

### Belastande?

Støttekontakt er ikkje ei eintydig teneste, og vi ser at kommunane tilbyr nærliggjande tenester i ein del tilfelle, til dømes som «fritid med bistand».

Vi fekk innspel om at støttekontaktomgrepet er belastande for nokre brukarar, og at nemninga i slike tilfelle vert erstatta av mindre belastande nemningar som treningskontakt eller fritidskontakt.

### Kven tek på seg å vere støttekontakt?

Kartlegginga gjev innblikk i kven støttekontaktane i Hordaland er. Ein

av kommunane svarte at det gjerne er «jenter mellom 17 og 23» som vil bli støttekontakt, og med litt nyansar vert dette stadfesta av andre. Det er særleg vanskeleg å rekruttera vaksne menn til å bli støttekontakt, men ein kommune skriv om vaksne mannlege støttekontaktar at: «når det klaffar, så varar kontakten lenge, og er ofte av høg kvalitet».

### Støttekontakt er ikkje for alle

Støttekontakt er heimla under samleomgrepet «personleg assistanse» i helse- og omsorgstenestelova, i lag med til dømes heimehjelp. Nokre kommunar arrangerer støttekontaktkurs, men ein treng ikkje utdanning for å bli støttekontakt. Vanlegvis er støttekontakten ein som har tid til overs og sosialt engasjement. Den vanlegaste oppgåva for støttekontaktar er å hjelpa brukaren å få ei meningsfull fritid. Nokre brukarar har så omfattande hjelpebehov at støttekontakt neppe er rett løysing, sjølv om behovet deira er meningsfull fritid. I slike tilfelle må kommunane vurderer å setja inn anna personale til å ivareta oppgåva.

### Kartlegg nytteverdi

Gjennom kartlegginga fekk Fylkesmannen innblikk i utfordringane kommunane har på dette området, og vi fekk ei samla oversikt for heile fylket. Denne kunnskapen nyttar vi i tilsynsarbeid, når vi handsamar klagar og når vi gir råd og rettleiing.

Vi fekk attendemeldingar frå kommunar om at også dei meiner kartlegginga var nyttig, ikkje minst fordi det vart retta merksemd på eit område som kanskje ikkje alltid vert prioritert. Fleire fortalte at dei vil betra rutinane for rekrutteringsarbeid og for å setja inn gode alternativ når dei over tid ikkje får tak i støttekontakt til eit oppdrag.

”Ni prosent fekk ikkje støttekontakt slik dei hadde vedtak om.”